



SWECO NORGE AS  
Postboks 80 Skøyen  
0212 OSLO  
Att.Amalie Brårmo Verstod

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Christin Svendsen

## Inga fråsegn - oppstart - reguleringsplan - Midt-Telemark 53/38 - Oterholtvegen 2 - planID 202302

Vi viser til brev av 09.05.2023.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har for tida stor pågang av saker. På grunn av begrensa kapasitet har vi dessverre ikkje kunna prioritere denne saka. Vi gir derfor inga fråsegn. Dersom det er konkrete forhold ved ein plan som kommunen ønskjer at Statsforvaltaren skal ta stilling til, ber vi om at de tar kontakt med oss, så vil vi sjølvsagt bidra.

Vi minner om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga.

Vi ber om å få tilsendt saken til offentleg ettersyn.

Med helsing

Kristin Bjerkeseth Vindvad  
fagsjef

Christin Svendsen  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestfold og Telemark fylkeskommune  
Midt-Telemark kommune

Postboks 2844  
Postboks 83

3702  
3833

SKIEN  
BØ I TELEMARK



## Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

SWECO NORGE AS AVD SELJORD  
Postboks 120  
3835 SELJORD

### Seksjon for samfunn og plan

Vår dato: 12.06.2023  
Deres dato: 12.05.2023  
Vår referanse: 23/22148-2  
Deres referanse:  
Vår saksbehandler: Kjersti Jacobsen

## Innspill - varsel om oppstart - reguleringsplan - Oterholtvegen 2 - planID 202302 - Midt-Telemark kommune

Vestfold og Telemark fylkeskommune syner til brev datert 19.05.2023 til varsel om oppstart av reguleringsplan for Oterholtvegen 2 i Midt-Telemark kommune. Frist for uttale er satt til 16.06.2023

### Planarbeidet sin hensikt og bakgrunn

Føremålet med planarbeidet er etablere 8 nye bueiningar i form av småhus med tilhøyrande infrastruktur. Planområdet er om lag 2 daa, og er i kommuneplanens arealdel avsett til bustader.

Planforslaget er i samsvar med kommuneplanens arealdel, og det vurderast at planen ikkje vil gje vesentlege verknader for miljø og samfunn, slik at krav om konsekvensutgreiing ikkje utløysast.

### Fylkeskommunen sine roller og ansvar

Vestfold og Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslovens § 5-2. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgt opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og som planfagleg rettleiar. Fylkeskommunen sin uttale blir gjeve med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelt i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune har inngådd ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen seier at fylkeskommunen tar i vare born og unges interesser i reguleringsplanar, også på vegne av Statsforvalteren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarenens mogelegheit til å fremme motsegn.

### Fylkeskommunen sin vurdering

Vestfold og Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planforslaget som gjeld våre ansvarsområde:

### **Regionale planar**

Regional plan for samordna areal- og transport for Telemark 2015-25 - ATP-Telemark)

Fylkeskommunen støttar by- og tettstadsutvikling som styrkar eksisterande by- og tettstadssentera

Postadresse:  
Postboks 2844  
3702 Skien

Besøksadresse:  
Torggata 18, 3717 Skien  
Svend Foyngate 9, 3126 Tønsberg

Sentralbord:  
35 91 70 00  
post@vtfk.no

Org. no.:  
821 227 062

vtfk.no



i fylket, og som bidrar til effektiv arealbruk og miljøvennlige transportval. Område ligg rett ved Bø sentrum, og vil kunna støtte opp under lokalmiljøet her. Føremålet med planlegginga synest å vera i tråd med intensjonane i (ATP-Telemark) og vi viser til dei generelle retningslinjene til planen.

### **Born- og unge**

Omsynet til born og unge er sterkt forankra i lovverk og nasjonale retningslinjer, jf. plan- og bygningsloven §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og unge pkt. 4 og 5 samt forvaltningslova § 17.

Fylkeskommunen ber om at born og unges arealinteresser blir beskrive og vurdert i saksutgreiinga og planbeskrivinga. For å kunne vareta dei lovpålagde krava for born og unge skal leikeareala og andre areal merkes tydeleg på plankartet, og reguleringsføresegnene bør innehalde krav til arealstorleik, funksjon og kvalitet, og dessutan opparbeiding av areala. Vi viser til føresegnene i den gjeldande arealplanen til kommunen og ber om at funksjonskrava til leikeplass og uteareal for born blir etterfølgde. Det er viktig å oppnå god kvalitet på leikeareala, som er funksjonelle med gode solforhold.

Fylkeskommunen minner om at barnerepresentanten involverast i saker som omhandlar born og unges interesser i planlegginga, og blir lagt fram fylkeskommunens uttale.

### **Jordvern**

Det kjem fram av planvarselet at planområdet grensar mot dyrka mark. Dyrka mark av god kvalitet er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må vareta dersom vi skal no dei nasjonale og regionale jordvernsmåla. Fokuset på jordvern har dei siste åra vorte strengare. Det må vurderast å setje av ei tilstrekkeleg buffersone mot dyrka mark innanfor planområdet som hindrar interessekonfliktar mellom landbruk og utbyggingsformål. Dette kan vere støy, støv, sprøyting og lukt frå landbruket, eller aktivitet frå utbyggingsområdet som hindrar rasjonell jordbruksdrift eller uønskt åtferd.

### **Samferdsel**

Oterholtvegen 2 har i dag avkøyring direkte frå fv. 3334 Oterholtvegen. Det opplysast i varselet at det planleggjast for 8 nye bueiningar på eidedomen og at dei 2 eksisterande skal behaldast. Samla sett vert dette ein vesentleg auka bruk av dagens avkøyring. Ut frå eit trafikktryggleiksperspektiv er det lite ynskjeleg å leggje til rette for auka trafikk i direkteavkøyringar til fylkesvegen, og vi ber derfor om at tilkomst til eidedomen vert planlagd frå Prestevegen slik at trafikken til fylkesvegen kjem ut i det etablerte krysset Prestevegen x Oterholtvegen og at dagens avkøyring regulerast som stengd. Forutsett at dagens avkøyring frå Oterholtvegen stengast kan byggjegrænse til fylkesvegen settast til 10 meter frå senter veg.

### **Kulturarv**

#### Automatisk freda kulturminne - Arkeologisk registrering

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ikkje kunnskap om tidlegare registrerte, automatisk freda kulturminne i planområdet. Kunnskapen vår om kulturminne i nærområdet, og dessutan ei vurdering av landskap og terreng, tilseier likevel at slike kan vere bevart. I samsvar med kulturminnelova (kulml) § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg



fråsegn til planforslaget. Registreringa gjennomførast ved såkalla maskinell sjakting, det vil seie arkeologisk registrering ved hjelp av gravemaskin på utvalde stadar i planområdet.

For sikre ein god planprosess, er det er det ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne vert gjennomført i god tid før planen blir sendt ut til offentleg ettersyn. Arkeologisk registrering kan berre utførast på bar og frostfri mark, og den arkeologiske feltsesongen er normalt frå midten av april til november. Siste frist for bestilling av registrering er 01. juli dersom dei skal gjennomførast same sesong.

#### Kostnader til arkeologiske undersøkingar og bestilling av arkeologisk registrering

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta for offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskild granskning må dekkast av tiltakshavar. Sjå vedlagde budsjett og vilkår for undersøkinga.

Registreringane er heimla i kulml § 9, og er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at kostnadsoverslaget ikkje kan pålagast, men planstyresmakt/tiltakshavar har høve til å be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg.

*Vi ber om at vedlagde skjema vert fylt ut, og at begge sider vert sende attende til oss for bestilling av den arkeologiske registreringa.*

#### Omsynssoner

Dersom det blir gjort funn av automatisk freda kulturminne innafor planområdet vil vi gå i dialog med tiltakshavar. Alle automatisk freda kulturminne har nasjonal verneverdi og skal som hovudregel bevarast. I reguleringsplan gjennom bruk av omsynssone d og c plankartet (jf. plan- og bygningslova (pbl) §§ 12-6 og 11-8 c og d). Avgrensinga av omsynssone d svarer til sikringssona til kulturminnet (jf. kulml § 6). Omsynssone d skal visast med sosi-kode H730\_#. Den geografiske avgrensinga av omsynssone c skal skje i samråd med regional kulturminneforvaltning. Begge omsynssoner skal følgjast av føresegner som sikrar kulturminnet (jf. pbl § 12-7).

#### Høve til dispensasjon

Om det viser seg at eit automatisk freda kulturminne ikkje kan sikrast gjennom planen, kan det søkast om dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuelt løyve til inngrep vert innhenta i samband med at planen vert lagd ut til offentleg ettersyn, og må vere grunna i vesentlege samfunnsomsyn. Løyve må ligge føre før planen kan verte eigengodkjent av kommunen.

Søknad skal sendast til Vestfold og Telemark fylkeskommune, som er dispensasjonsstyresmakt. Om det vert innvilga dispensasjon, vil det vanlegvis stillast vilkår om ei arkeologisk utgraving før tiltak i planen kan setjast i verk. Dette vilkåret skal innarbeidast i føresegnene til planen. Tiltakshavar må koste utgifter til ei slik utgraving (jf. kulml § 10).

Vi gjer merksam på at det må påreknast noko sakshandsamingstid ved handsaming av dispørknader.

#### Meldeplikt



## Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Vi gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Vestfold og Telemark fylkeskommune er rette mottakar for ei eventuell melding.

Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

*Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Vestfold og Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Kulturminnestyresmakta avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).*

Spørsmål kan rettast til arkeolog Anja N. Sætre på telefon 91240613 eller [anja.nordvik.setre@vtfk.no](mailto:anja.nordvik.setre@vtfk.no)

### Nyare tids kulturminne

Det er ikkje registrera nyare tids kulturminne av nasjonal verdi innanfor planområdet. Kommunen må vurdere eventuelle kulturminne av lokal verdi som kan bli berørt. Nye bygg bør vere godt tilpassa kulturlandskapet, og den tradisjonelle byggeskikken omkring. Tunstrukturen bør oppretthaldast, og nye bygg på ta utgangspunkt i eksisterande og omkringliggende bustadhus og uthus. Reguleringsplanen kan til dømes stille krav til at delar av bebyggelsen blir utforma med uthuspreg i med farger som på eksisterande uthus.

### **Landskap**

Ettersom Noreg har slutta seg til den Europeiske landskapskonvensjonen har vi plikt til å fremme vern, forvaltning og planlegging av landskap.

Vi minner om at framtidig bygg bør underrette seg området landskap, utforminga av nye bygg bør av den grunn ikkje virke sjenerande for landskapet. Fortetting av fritidsbustadar må ikkje skje på besetning av landskapskvalitetar. Tiltaket vil medføre vesentlege terrenginngrep. Vi ber om at inngrep gjærast på en mest mogleg skånsam måte, slik at man unngår unødvendige negative landskapseffektar.

### Avslutningsvis

Vestfold og Telemark fylkeskommune har ut i frå regionale og nasjonale interesser, ingen ytterlegare kommentarar til varsel om oppstart av planarbeid.



## Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Med vennleg helsing

Sigurd Rodskier Lenes  
fungerande plankoordinator

Kjersti Jacobsen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

### Sakshandsamare

Sigurd Rodskier Lenes – koordinering/planfagleg

tlf. 906 40 237 e-post: [sigurd.lenes@vtfk.no](mailto:sigurd.lenes@vtfk.no)

Kjersti Jacobsen – planfagleg

tlf. 995 73 455 e-post: [kjersti.jacobsen1@vtfk.no](mailto:kjersti.jacobsen1@vtfk.no)

Tore Nordvik – samferdsel

tlf. 415 72 657 e-post: [tore.nordvik@vtfk.no](mailto:tore.nordvik@vtfk.no)

Anund Johannes Grini - nyare tids kulturminne

tlf. 997 09 800 e-post: [anund.johannes.grini@vtfk.no](mailto:anund.johannes.grini@vtfk.no)

Anja Nordvik Sætre - automatisk freda kulturminne

tlf. 912 40 613 e-post: [anja.nordvik.setre@vtfk.no](mailto:anja.nordvik.setre@vtfk.no)

Anne Skaug Nisi – landbruk

tlf. 481 96 261 e-post: [anne.skaug.nisi@vtfk.no](mailto:anne.skaug.nisi@vtfk.no)

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
SWECO NORGE AS AVD SELJORD		Postboks 120	3835 SELJORD

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
STATENS VEGVESEN		Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK		Postboks 2076	3103 TØNSBERG
MIDT-TELEMARK KOMMUNE		Bøgata 67	3800 BØ I TELEMARK

SWECO NORGE AS  
Postboks 80 Skøyen  
0212 OSLO

**Vår dato:** 14.06.2023  
**Vår ref.:** 202308360-2 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 10236308

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsplan for Oterholtvegen 2, planID 202302 - Midt-Telemark kommune**

Vi viser til brev datert 09.05.2023. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detalj reguleringsplan for Oterholtvegen 2. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei vidare bustadutvikling av Oterholtvegen 2, med konsentrerte bustader i småhus og tilhøyrande infrastruktur, om lag 8 bueiningar.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs innspel**

Vi rår til at de går gjennom alle våre tema og sjekkar om planområdet er råka av nokon av dei. Eit godt hjelpemiddel er vår [Kartbasert veileder for reguleringsplan](#).

#### *Kvikkleire*

[NVE Atlas](#) og [kartbasert veiledning for reguleringsplan nr. 13](#) viser at tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for marin leire. Reell fare for kvikkleireskred må vere avklart og tryggleiken dokumentert, jf. aktuell tiltakskategori i TEK17 § 7-3 med veiledning, før planen blir vedteke. Det må også vurderast om det er marin leire høgare oppe i terrenget, og om planområdet kan bli treffe av eit skred som blir utløyst der ifrå.

Det må bli gjort ei konkret vurdering av om det er fare for kvikkleireskred. Til hjelp for vurderinga viser vi spesielt til prosedyren i kapittel 3.2 i NVEs veileder nr. [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). Vi ser at området ikkje kan friskmeldast ut frå terrengkriterier (punkt 3 i prosedyren).



## Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

## NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

## Mottakarar:

SWECO NORGE AS

## Kopimottakarar:

Midt-Telemark kommune





# Anleggsbidrag

Når nye kunder skal knyttes til strømnettet eller eksisterende nettkunder ønsker økt uttak, vil det ofte bli nødvendig med utbygging eller forsterkning av nettet.

---

Kostandene for nødvendige tiltak må dekkes av den som utløser utbyggingstiltaket.

Ettersøking i nettet vil det bli utregnet et anleggsbidrag som kunden må dekke. Bidrag er et engangsbeløp, og det utarbeides løsning og kostnadsoverslag i hvert tilfelle.

Anleggsbidrag betales før arbeidene påbegynnes.

Ved behov for tilknytting eller ønske om økt uttak, ta kontakt på:

Epost: [nett@foere.net](mailto:nett@foere.net)

Tlf: 35 94 90 40

Les mer om anleggsbidrag her:

[NVE -anleggsbidrag](#)

### Relevant regelverk:

Forskrift av 11. mars 1999 nr. 302 om teknisk og økonomisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer ([forskrift om kontroll av nettvirksomhet](#)) §§ 16-1 – 16-12

## Føre AS

---

 Grønvoldvegen 1, 3830 Ulefoss

 35 94 90 40

 [firmapost@foere.net](mailto:firmapost@foere.net)

 Feilmelding 97 03 72 95

## Følg oss på våre sosiale medier





**Miljøfyrtårn®**

SERTIFISERT  
VIRKSOMHET

## Nyttige linker

[Byggestrøm](#)

[Strømstans](#)

[Kabelpåvisning](#)

[Flytting](#)

[Personvern](#)